

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Domssøndag /Kristi kongedag – 23. november 2014

Preiketekst: Matt 25,31–46

Lesetekst I: Jes 57,14–16

Lesetekst II: Åp 20,11–13

Når Kongen kjem i herlegdom

Kristi kongedag

23. november er siste søndag i kyrkjeåret. Den har lenge hatt namnet 'Domssøndag', men har no i tillegg fått namnet 'Kristi kongedag'. Det gjer det på ein heilt annan måte tydeleg at dom i bibelsk perspektiv ikkje primært handlar om trugsel og frykt, men om at vegen blir rydda for oppfyljing av frelsesløftene. Det er dagen som alt peikar fram mot – dagen då Jesus står fram som kongen over alle kongar, og løftene om Guds rike blir til røyndom.

Menneskesonen

Ut frå dei tre første evangelia ser vi at Jesus ofte kalla seg sjølv Menneskesonen. Det var berre Jesus sjølv som brukte denne nemninga. Det må ha ført tanken til Daniel sitt syn (7,13f) der han ser ein som 'var lik ein menneskeson' og som kjem 'med himmelskyene'. Det var likevel ikkje ein skapnad som var sentral i folket sine forventningar, og ikkje ei forventa rolle Jesus gjekk inn i. Vi ser også at Jesus nyttar nemninga svært fritt, og like mykje forma av orda i Jes 53 om den lidande tenaren som sigrar gjennom lidinga. Slik spenner Jesu bruk av Menneskesonen like frå å vera ein som heilt går inn i menneskelege kår, via å vera den lidande tenaren som gjev livet for folket sine synder, til å vere domaren som held dom over alle folkeslaga og opnar vegen inn i det fullkomne Guds-riket. Og slik er det vi møter han i den store domsscena i Matt 25.

Ulike tolkingar

Innan ulike tradisjonar har dette tekstavsnittet fått til dels svært ulik forståing. Det gjeld kva slag dom det handlar om, og kva som er kriteria for domen. Ei gruppe blir frikjend, ei blir dømd – begge ut frå korleis dei møtte kongen sine 'minste søsken' i ulike vanskelege situasjonar.

Det er ikkje uvanleg at dette blir forstått slik at det avgjerande i domen blir korleis den enkelte har møtt lidande, undertrykte og vanskelegstilte medmenneske – ei allmenn diakonal eller sosial-politisk forståing med utgangspunkt i at Jesus som Menneskesonen identifiserer seg med nettopp desse. Det er ein dom som gjeld alle menneske, og det er den siste, avgjerande domen.

Ei heilt anna, men likevel tolking i slekt med dette synet, finn vi til dømes i Studiebibelen (red. Thoralf Gilbrant, Studiebibelen A/S 1988). Der står det om v.32: 'Tre domstoler nevnes i forbindelse med endetiden: a) Kristi domstol. Denne vil bli reist ved borttrykkelsen og gjelder de troende. b) Dommen over nasjonene. Denne dommen finner sted på jorden når Kristus kommer igjen for å regjere (Matt 25,31-46). c) Dommen ved den store, hvite tronen. Denne kommer etter tusenårsriket,

og det er de ugudelige som skal dømmes.’

Her blir tolkinga altså sett inn i eit ikkje ukjent skjema for borttrykking, dom over nasjonane, tusenårsrike og endeleg dom. Likskapen til det første handlar om at dommen ‘over nasjonane’ skjer ut frå ei generell medmenneskeleg haldning.

Ei tredje tolking finn vi mellom anna i tekstgjennomgåinga i ‘HverdagSøndagHverdag’, 1.rekke (red. Johs Lodberg og Stein Mydske, Verbum 1988). Her er det også den eine og endelege dommen det handlar om. Men kriteriet for å bli stilt på eine eller andre sida, er ikkje korleis ein generelt har møtt vanskelegstilte medmenneske, men korleis ein har møtt dei som representerer Jesus på jorda, serleg dei som har kome i spesielt vanskelege situasjonar.

Vurdering

Utan å gå inn på ei detaljert grunngjeving, er det for meg naturleg å leggje til sides det andre alternativet. Kanskje tek eg feil, det vil ein gong vise seg. Men eg har vanskeleg for finne gode nok grunnar for eit så oppdelt skjema rundt tilbakekomst, dom og fullending.

Eit sterkt moment til dette, er likskapen mellom Matt 25,31ff, og Dan 7,13f. Jesus innleier med igjen å omtale seg som Menneskesonen, denne gong som dommar – Daniel: Ein som var lik ein menneskeson. Han kjem i herlegdom, og alle folkeslag står framfor han (Daniel: Alle folk og nasjonar og tungemål). Det er vanskeleg å sjå hos Matt og Dan at her er tale om noko meir eller anna enn den eine dommen.

Etter at folkeslaga er skilt i to flokkar, er det ikkje lenger Menneskesonen som handlar og talar, men kongen. Der er ikkje grunn til å tru at det er to forskjellige personar, Jesus endrar berre biletbruk. Det er interessant at han skifter til å omtale seg som kongen idet resultatet av dommen skal effektuerast. I GT er der klare løfte om ein frelsarkonge – ein konge som skal ha kongsmakt for alltid – ein rettferdig fredskonge (Salme 72, Jes 9,2ff, Jes 11,1ff, Mika 5,1ff) – konge for eit evig fredsrike. I v.34 står denne kongen og proklamerer at tida er komen for det riket som er gjort i stand ‘frå verda vart grunnlagt’. Tida er komen for oppfylling av lovnadene.

Men det er berre dei på den eine sida som kan gå inn i riket. Kva er eigentleg skilnaden på dei to flokkane?

Åndelege søsken

Det første viktige spørsmålet er korleis vi skal forstå ‘desse minste syskena mine’ – eigentleg ‘brørne mine’. Først: Gresk har ikkje noko ord for det kjønnsnøytrale ‘søsken’, og det var vanleg å bruke ‘brør’ også som fellesord for ‘søsken’. Men der er ikkje eksempel på at ein nytta ordet som uttrykk for medmenneske i vid forstand, heller ikkje hos Jesus. Derimot var det vanleg å nytte det om menneske ein var nært knytt til, også om det ikkje var direkte familiært. Slik vart det heilt vanleg å omtale alle ein var knytt saman med i den kristne kyrkjelyden, som søsken/brør. Det ser vi mange eksempel på i Paulus-breva. Eit eksempel på at Jesus gjer det same, ser vi i Mark 3,31ff der han seier: ‘Den som gjer Guds vilje, er bror min, syster mi og mor mi.’ Ut frå prinsippet om ‘kortreist tolking’ blir det vanskeleg å ikkje leggje dette til grunn for forståing av kriteriet for dommen i Matt 25. Det gjev samstundes løysing på eit anna spørsmål: Tilhøvet mellom dommen her, og løfta om frikjenning og tilgang til himmelriket ved trua på Jesus. Dei som i Matt 25 får gå inn til riket, er menneske som har identifisert seg med og støtta Jesu søsken = dei som har vedkjent seg Jesus og trudd på han – uansett kva vanskar og motgang dei har opplevd.

Eit moment i denne samanhengen, er at Jesus omtaler riket som ein arv. Det er altså eit rike dei ikkje har annan rett til, enn gjennom slektskap med den som ‘eig’ riket – altså kongen.

Sauer og geiter

Det er på den andre sida i alle fall ikkje mogeleg å trekke nokon konklusjon ut frå at den eine flokken er geiter, den andre sauer. Begge var i jødisk forstand reine dyr og hørde til dei vanlege beitedyra. Kjøtet var brukt både i offersamheng og som mat. Det var vanleg at dei om dagen beita i lag, men når dei vart sankt inn om kvelden, vart dei skilde fordi dei hadde ulike behov for nattopphald. Men truleg var det akkurat dette som var bakgrunnen for poenget med at dei vart skilde i to flokkar.

Tolkinga som her er lagt til grunn for forståing av dommen, endrar sjølvstikk på alt som elles er gjeve av utfordring til å leve eit sant og fredsskapande liv som gudsborn overfor alle menneske. Jesus utfordra sine disiplar til å elske einkvar neste som seg sjølv – ja, endåtil fiendar. Men – han sa også at om ikkje rettferda vår overgår den til farisearane og dei skriftlærde, så kjem ein ikkje inn i himmelriket. Berre løftet om frelse ved trua på Jesus kan løyse den utfordringa.

Utfordring

Utfordringa for den som skal forkynne ut frå denne teksten, blir kanskje å tilskunde til det same som Jesus tilskunda til: Å leve med tru verksam i kjærleik, leve i truskap mot Gud og mot medmenneske, i vedkjenning av trua på Jesus og i tydeleg solidaritet med einkvar som lever i den same trua, uansett livssituasjon og vanskar det måtte føre med seg. Kanskje det då også bør vere eit sterkt memento til måten vi til tider møter medkristne på som i meiningsytring meiner noko anna om eit og anna enn vi gjer sjølv? Som kristne søsken er vi kalla til å tala vel om kvarandre, velsigna kvarandre, ja, elska kvarandre. Det gjeld også våre trussøsken både mellom palestinarar og israelarar!

Knut Fr. Sørheim

Sokneprest i Masfjorden. I mange år medlem av og leiar for krinsstyret i Bergen krins av DNI. Sentrale verv også i Indremisjonsforbundet.

knutfsorheim@gmail.com